



Norges Orienteringsforbund
Pb 8000 Ullevål
0840 Oslo

Sogn og Fjordane Orienteringskrins
v/ leiar valkomité Helge Schei

Ullevål, 24.01.2024

VEDTAK OM DISPENSASJON FRÅ §2.4 - KJØNNSFORDELING

Forbundsstyret behandla dykkar søknad i styremøte 22.01.2014, og vedtok at det innvilgast dispensasjon frå §2.4 for komande periode.

Me gjer merksam på at det iht NIFs rettleiar normalt ikkje gis dispensasjon fleire gonger, og ber om at kretsen sørgjer for å oppfylle krav om kjønnsfordeling ved valet for neste periode.

Forbundsstyret er glad for alle som engasjerer seg i Norsk Orientering ved å ta på seg tillitsverv på ulike nivå i organisasjonen. Samtidig er styret klar over at det er ein vanskeleg jobb, spesielt i krinsar med få medlemmar, å finne kandidatar som oppfølgjar krav om kjønnsbalanse. Forbundsstyret meiner uansett at det er viktig at me jobbar for kjønnsfordeling iht §2.4. Blant NOF sine medlemmar er meir enn 40% kvinner, og styret meiner det er sunt for Norsk Orientering å ha tilsvarande fordeling blant dei tillitsvalte.

Sogn og Fjordane Orienteringskrins har etter styrets oppfatning gjort ein grundig jobb for å sikre kjønnsbalanse i sitt styre. Hovudårsaka til dispensasjonssøknaden er at dykkar kvinnelege ungdomsrepresentant har flytta, og at de ikkje har klart å erstatta henne med ei anna kvinne. Andre forhold (attval) gjer at ein mannleg ungdomsrepresentant ville gitt 4 menn og 1 kvinne i det komande styret. For å bøte på dette vil kretsen auke talet på styremedlemmar til 6, der den nye representanten er ei kvinne.

Styret meiner difor at Sogn og Fjordane Orienteringskrins har oppfylt krav til dispensasjon iht til NIFs rettleiar.

Styrets vedtak: Sogn og Fjordanes søknad om dispensasjon frå §2.4 om kjønnsfordeling innvilgast. Unntaket gjeld for komande periode.

Beste helsing

Øystein Hildeskor
Generalsekretær Norges Orienteringsforbund

Kopi:

Christian Frøyd, Kretsleder Sogn og Fjordane Orienteringskrins
Leif Størmer, President Norges Orienteringsforbund